



Møteprotokoll

Utval	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne
Møtestad	Skjeldal/Trå/ Bystøl
Dato	27.04.2026
Tidspunkt	kl 12:00 - 15:30

Frammøtte

Knut Ståle Kvissel

Bridget Penny

Aud Marit Netteland

Bjørn Egil Paulsen Tolås

Marta Hansen

Yngvar Gunnlaugsson

Parti

Frp

R

RMNF

RMNF

RMNF

RMNF

Forfall

Anne Ingebjørg Takvam

Parti

RMNF

Varamedlem

Mari Gjeraker

Parti

RMNF

Andre som møtte

Christina Skjelde Rennemo

Elin Klette

Kjersti Nordanger

Kristina Finne

Marianne Melve

Perline Dugstad Vivås

Tor Helmer Halvorsen

Vilde Eikeset

Stilling

Politisk sekretær

Kommunalsjef Helse og omsorg

Leiar menneske med nedsett funksjonsevne

Politisk sekretær

Stabssjef Innbyggjarservice

Konsulent i kommunalavdeling helse og omsorg

Protokollfører:

Møtenotat

Presentasjon frå Stopp diskriminering v/Berit Vegheim, digitalt via teams.

Dette var ei god orientering om likestillings- og diskrimineringsnemnda. Ein ting som kom fram er at kommunane i nokre tilfelle endrar kriterium for å kunne nekte tenester til einskilte innbyggjarar.

Når innbyggjarar ikkje kan ytre seg sjølv om eigne ynskje er det viktig å involvera verje/foreldre for å få naudsynt kunnskap om tenestemottakar, melda frå raskt om avvik, ha system for involvering av nærstående og eigen medverknad og daglege rutinar som fungerer sjølv ved endring av personale. Vera open for mogelegheiter – leggje til rette for sjølvstende – byggje arbeidet på fagleg kunnskap, og ikkje på stress og tidspress, fordommar og kunnskapsløyse. Leiing, ikkje brannsløkking.

«Du har rett til å seie frå, men vi bestemmer kva som er best for deg.»

Vilde Eikeset, helse og omsorg gjekk igjennom Handlingsplan mot vold i nære relasjonar , som no er ute på høyring, digitalt via teams.

Presentasjonar vist i møtet finn du her: [Presentasjonar i politiske råd og utval 2026 - Voss herad](#)

8.mai skal Aud-Marit N og Marta H på synfaring saman med ein representant for blindeforbundet som og har kompetanse frå arbeidet sitt i fylkeskommunen. Dei skal sjå på universell utforming i krysset ved Youngs buffet/ Taxien, Vossabadet, Svinto og Tintrabrua og ljuskrysset i Uttrågata ved Sverresplass. Her er lydsignala vanskelege å skilja frå kvarandre.

Bjørn Egil T orienterte "Right to Move" som han har etablert.

Rådet etterspør svar på spørsmål sendt til administrasjon 12.04.2026.

Aud Marit Netteland

Leiar i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Sakliste

Sak nr	Sakstittel
IM-03/26	Informasjon til møte i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 27.04.2026
PS-13/26	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste
PS-14/26	Godkjenning av protokoll frå forrige møte
PS-15/26	Samlesak for referatsaker
PS-16/26	Ymse

03/26 Informasjon til møte i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 27.04.2026

Informasjon og agenda:

Kallar med dette inn til møte i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 27. april kl 12.00 i heradsstyresalen/ møterom Trå og Skjeldal på Tinghuset.

Felles tema for Innvandrerrådet, Eldrerådet og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne i dette møtet er *Diskriminering og utanforskap*. Då vert me alle i heradsstyresalen. **Felles lunsj frå kl 11.45 i heradsstyresalen.**

Vara vert kalla inn til møte ved forfall. Lovleg forfall vert å melde via [Møteportal+](#) eller politisk.voss@voss.herad.no / tlf. 92462400.

Agenda:

Tema	Ansvarleg	Tid
FELLES DEL Info frå kvart råd (5 min på kvar) Innlegg frå Stopp diskriminering v/Berit Vegheim Gruppearbeid Oppsummering	Aud Marit/ Råd for MMNF	12.00 - 12.15 12.15 - 13.15 13.15 - 13.45 13.45 - 14.00
Informasjon om Handlingsplan mot vald i nære relasjonar 2026-2030	Vilde Eikeset	14.00 - 14.15
Pause - råda går kvar for seg		14.15 - 14.30
Møtet er sett Sakshandsaming	Aud Marit	14.30 - 14.35
Ymse	Aud Marit	14.35 - 15.00

Ymse:

Detaljreguleringsplan for Regimentsvegen 225, planident 2024005, er lagt ut til høyring og offentleg ettersyn med høyringsfrist **18.05.2026** [arealplaner.no | 2024005 > Plandokumenter](#)

Handlingsplan mot vald i nære relasjonar - høyringsfrist 29. april [Handlingsplan mot vald i nære relasjonar på høyring - Voss herad](#)

Voss 17.04.2026

Aud Marit Netteland
Leiar Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 27.04.2026

Handsaming

13/26 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Møteinnkalling og sakliste vert godkjent.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 27.04.2026

Handsaming

Samrøystes godkjent.

KRMNF - 13/26 Vedtak

Møteinnkalling og sakliste vert godkjent.

14/26 Godkjenning av protokoll frå forrige møte

Protokoll frå forrige møte vert godkjent slik den ligg føre.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 27.04.2026

Handsaming

Samrøystes godkjent

KRMNF - 14/26 Vedtak

Protokoll frå forrige møte vert godkjent slik den ligg føre.

15/26 Samlesak for referatsaker

Referatsakene vert tatt til orientering.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 27.04.2026

Handsaming

Samrøystes godkjent

KRMNF - 15/26 Vedtak

Referatsakene vert tatt til orientering.

16/26 Ymse

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 27.04.2026

Handsaming

Samrøystes vedteke

KRMNF - 16/26 Vedtak

Råd for MMNF v/leiar sender inn høyringsuttale til Handlingsplan mot vald i nære relasjonar innan fristen 29.04.2026